

Til
Lindås kommune
Meland kommune

01.09.2018

Søknad om kulturmidlar/prosjektstøtte – "Edvard Grieg og målsaka "

Alversund Mållag og Meland Mållag søker i samarbeid om tilskot frå kulturmidlane til prosjektet "Edvard Grieg og målsaka" i Nordgardsløa på Frekhaug fredag 10. november 2018. Tilskipinga er eit samarbeidsprosjekt med Strilabiblioteket – biblioteka i Lindås og Meland.

Edvard Grieg og mange andre frå borgarskapet i Bergen i slutten av 1800-talet hadde stor sympati for målsaka. Grieg har sjølv ytra seg om dette i brev og dagbøker. Han var ingen aktivist, men den veksande nynorsklyrikken utløyste noko i han som førte fram til Haugtussa-syklusen, tonesetjing av dikt av Aasmund Olavsson Vinje og Kristofer Janson, og ikkje minst alle komposisjonane på grunnlag av norske folketonar.

Pianisten Øyvind Aase har sett saman eit program som i ord og tonar løftar fram dette aspektet ved Edvard Grieg i samband med 175-årsjubileet for komponisten. Sopranen Melissa Baug, som for tida studerer i København, deltek. Det vert opplesing og kåseri/programleiing ved Håvard Giezendanner og Eiliv Løvteit.

Tilstellinga siktar meir allment mot å styrkja samarbeidet med andre kulturaktørar i det frivillige arbeidet i den nye Alver kommune. Alversund Mållag har til dømes lagt vekt på å gjennomføra prosjekt overfor barne- og ungdomssektoren og med det lokale musikklivet, særleg med Alversund kammerkor. I 2017 gjennomførte dei to mållaga tilskipinga «Jazz på strilamål», det òg med støtte frå dei to kommunane.

Budsjettet har ei ramme på kr 38 000, som vist nedanfor. Vi søker om eit tilskot på **kr 15 000** fordelt på dei to kommunane. Det er ein føresetnad at born har gratis tilgjenge. Det vert søkt om honorartilskot frå Fondet for utøvende kunstnere.

Søknadssummen til kvar av kommunane vert dermed sett til **kr 7 500**.

Utgifter		Inntekter	
Honorar Øyvind Aase og Melissa Baug	10 000	Billettinntekter, 50 pers à kr 100	5 000
Honorar Eiliv Løvteit og Håvard Giezendanner	4 000	Biblioteket, eigendel	4 000
Husleige	3 000	Mållaga, eigendel	4 000
Pianostemmar	3 000	Honorarstøtte, FFUK	10 000
Reiseutgifter M. Baug	2 000	Kulturmidlar, søknadssum	15 000
Annonsering	11 000		
Materiell	5 000		
SUM	38 000	SUM	38 000

Det er sendt to likelydande versjonar av denne søknaden, éin til Lindås og éin til Meland kommune.

For Alversund Mållag og Meland Mållag

Inger-Helen Midtgård

Inger-Helen Midtgård
leiar, Alversund Mållag
Adresse: Leknesvegen 213
5915 Hjelmås

Haakon Aase
leiar, Meland Mållag
Adresse: Litlebergen 29
5918 Frekhaug